

# Eksamen

19.11.2021

HES2003 Yrkesutøving / Yrkesutøvelse

**Programområde:** Helseservicefag

LK06

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.  Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
<b>Informasjon om vurderinga</b>	Det blir lagt vekt på i kva grad kandidaten <ul style="list-style-type: none"><li>• viser faglege kunnskapar, ferdigheiter og haldningar i samsvar med kompetansemåla i læreplanen.</li><li>• knyter fagstoffet til yrket kandidaten oppgir.</li><li>• grunngir og reflekterer over det som blir lagt fram: kva, korleis og kvifor.</li></ul> Karakteren blir fastsett etter ei heilskapleg vurdering av arbeidet kandidaten utfører på eksamensdagen.
<b>Andre opplysningar</b>	Eksamensretteiinga med kjenneteikn på kompetanse finn du her: <a href="https://www.vigoiks.no/eksamen/eksamensveiledninger/">https://www.vigoiks.no/eksamen/eksamensveiledninger/</a>
<b>TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Start med å lese oppgåveinstruksen godt.</li><li>• Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.</li><li>• Les gjennom det du har skrive, før du leverer.</li><li>• Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.</li></ul>	

Lykke till!

## Situasjonsbeskriving

Du er tilsett i Helseservice AS i éi av desse stillingane:

- apotekteknikar
- tannhelsesekretær
- helsesekretær
- portør

Oppgi kva for eit av desse yrka du har valt.

Helseservice har ein visjon om god service og kundebehandling, noko dei vil oppnå ved hjelp av tverrfagleg samarbeid og sentralt relevant regelverk for helsepersonell.

### Oppgåve 1

Det er den første veka på den nye arbeidsplassen din. Du er litt stressa, og det er mange arbeidsoppgåver du enno ikkje meistrar fullt ut. I dag er det ein travel dag: Mange ventar, og de ligg etter skjemaet. Du skal mellom anna ta deg av Lise, 16 år, som er ein forsiktig kunde/pasient, og du strever med det nye dataprogrammet.

- a) Forklar kva som er dei mest aktuelle arbeidsoppgåvene i yrket ditt.
- b) Gjer greie for kva profesjonell yrkesutøving inneber i møte med Lise.
- c) I helsepersonellova § 4 står det at helsepersonell skal utføre arbeidet sitt på ein forsvarleg måte. Kva inneber det for deg i di yrkesutøving?

### Oppgåve 2

På Helseservice AS er HMS og trivsel i fokus.

- a) Gjer greie for kva trivsel betyr for arbeidsmiljøet, og kva du kan gjere for å fremme eit godt arbeidsmiljø.
- b) Du blir vald som verneombod. Forklar kva dette inneber, og kva ansvarsområde som er aktuelle på arbeidsplassen din.
- c) Under ein HMS-runde kjem det fram at det manglar oppdaterte brannrutinar etter ei ombygging. Kva seier arbeidsmiljølova om krav til sikkerheit, og kva for plikter har arbeidstakarane og arbeidsgivaren når det gjeld å følge opp desse krava?

## Oppgave 3

Ein dag fell ein kunde/pasient om på Helseservice AS. Han tar seg til brystet og er bleik.

- a) Forklar kva for plikter du har etter helsepersonellova i denne situasjonen.
- b) Gjer greie for kva tiltak du vil sette i verk, forklar framgangsmåten og grunngi valet av tiltak.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Det blir lagt vekt på i hvilken grad kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• viser faglige kunnskaper, ferdigheter og holdninger i henhold til kompetansemålene i læreplanen.</li><li>• knytter fagstoffet til yrket kandidaten oppgir.</li><li>• begrunner og reflekterer over det som legges fram: hva, hvordan og hvorfor.</li></ul> <p>Karakteren fastsettes etter en helhetlig vurdering av arbeidet kandidaten utfører på eksamensdagen.</p>
<b>Andre opplysninger</b>	Eksamensveiledningen med kjennetegn på kompetanse finner du her: <a href="https://www.vigoiks.no/eksamen/eksamensveiledninger/">https://www.vigoiks.no/eksamen/eksamensveiledninger/</a>
<b>TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:</b>	
<ul style="list-style-type: none"><li>• Start med å lese oppgaveinstruksen godt.</li><li>• Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.</li><li>• Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.</li><li>• Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.</li></ul>	

Lykke till!

## Situasjonsbeskrivelse

Du er ansatt i Helseservice AS i én av disse stillingene:

- apotektekniker
- tannhelsesekretær
- helsesekretær
- portør

Oppgi hvilket av disse yrkene du har valgt.

Helseservice har en visjon om god service og kundebehandling, noe de vil oppnå ved hjelp av tverrfaglig samarbeid og sentralt relevant regelverk for helsepersonell.

### Oppgave 1

Det er den første uken på den nye arbeidsplassen din. Du er litt stresset, og det er mange arbeidsoppgaver du ennå ikke mestrer fullt ut. I dag er det en travel dag: Mange venter, og dere ligger etter skjemaet. Du skal blant annet ta deg av Lise, 16 år, som er en forsiktig kunde/pasient, og du strever med det nye dataprogrammet.

- a) Forklar hva som er de mest aktuelle arbeidsoppgavene i yrket ditt.
- b) Gjør rede for hva profesjonell yrkesutøvelse innebærer i møte med Lise.
- c) I helsepersonelloven § 4 står det at helsepersonell skal utføre arbeidet sitt på en forsvarlig måte. Hva innebærer det for deg i din yrkesutøvelse?

### Oppgave 2


På Helseservice AS er HMS og trivsel i fokus.

- a) Gjør rede for hva trivsel betyr for arbeidsmiljøet, og hva du kan gjøre for å fremme et godt arbeidsmiljø.
- b) Du blir valgt som verneombud. Forklar hva dette innebærer, og hvilke ansvarsområder som er aktuelle på arbeidsplassen din.
- c) Under en HMS-runde kommer det fram at det mangler oppdaterte brannrutiner etter en ombygging. Hva sier arbeidsmiljøloven om krav til sikkerhet, og hvilke plikter har arbeidstakerne og arbeidsgiveren når det gjelder å følge opp disse kravene?

### Oppgave 3

En dag faller en kunde/pasient om på Helse-service AS. Han tar seg til brystet og er blek.

- a) Forklar hvilke plikter du har etter helsepersonelloven i denne situasjonen.
- b) Gjør rede for hvilke tiltak du vil iverksette, forklar framgangsmåten og begrunn valget av tiltak.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)